

# Juletonen frå Hogganvik

AV JOHANNE MARGRETHE JOHNSEN



Anna Hansen — slik ho tidt står på trappa og helsar gjester velkomne: Her er det godt å kvila (Foto: J. M. J.)

Frå herregarden i Hogganvik og klokkargarden i Vikedal går ein julemelodi i arv — i slekter som har røtene sine på desse stadene, og elles gjennom bygdefolk og utflyttarar. I skulestova der inne i Ryfylke har »Barnets julesang« lenge vore sunge, først hjå den folkekjære læraren og klokkaren Holger Eide. Sidan i vidare krinsar. Ei av døtrene hans har til dømes gjort songen godt kjend på sin seinare heimstad i Hallingdal.

Lærar Eide fekk på ei eller onnor vis tak i dei tretten yndelege og dansklignande versa til »Nu har vi pyntet vårt juletre«, men då han ikkje hadde høyrte den vanlege tonen, ba han komponisten Georg Washington Magnus i Hogganvik, (seinare organist i Petrikyrkja i Stavanger) laga ein eigen melodi, og den er den vakreste og høver best til stemninga som orda skapar.

Kor mange gonger sidan har ikkje desse tonane lydt når treet, som »Nyss stod bart under vinterens sne« i skogen i Hogganvik, var pynta med glitter og lys og stjerne til juleselskap i herskapshuset som general Søren de Fine von Krogh i si tid bygde av eige tømmer ikring midten av 1700-talet. Hit flytte dottera Anna til Holger Eide i Klokkargarden, som nygift frue i 1909. Mannen hennar, Hans B. Hansen, hadde overtatt drifta fire år før. Faren hans, urmakar Bendix Hansen i Stavanger, hadde tidlegare kjøpt eigedomen med dei store skogane og nytta huset til sommarbustad.

Kva den unge guten og kona hans vidare kom til å bety for garden og folket i bygda og vidare utover, drøymde vel ingen om den gongen. Med sans og vyrdnad for ærerike gamle tradisjonar og god kultur og med stor dugleik på ymse omkverve skapte dei ein ny epoke i Hogganvik-historia.

☆

Etter første verdenskrigen opna dei stovene sine for pensjonatgjester, men dei


kalla heimen sin for pensjonatet lenge før den tid. Her har slekt og vener alltid vore velkomne, og serleg var mange samla i dei store høgtidene. Til jul og påske kom familien fast før i tida. Gjestmilde, hjartevarme og godt stell høyrer Hogganvik til. Anna Hansen si innbyding: »Kom inn og hvil i Hogganvik«, er blitt som eit ordtak, og det har aldri mist si meinig.

☆

Mannen døydde for sju år sidan og Anna Hansen er snart 79, men framleis tar ho imot feriefolk med opne armar — no mest slitne husmødrer og gamle som treng kvile — frå Saniteten og Norsk Folkehjelp. Ti slike slutta lag med 30-35 gjester om gongen hadde ho siste sommaren, attåt prestekonemøte før påske, prestemøte etterpå og slekt som vangle i pinsehøgtida. Og då bispedømerådet sitt kvinneutval fekk halda kurs hjå henne i haust slik som tidlegare, strekte ho seg til å ta imot 70. Anna Hansen syter ikkje med å gi sitt eige soverom frå seg til gjester — berre ho veit ho kan gjera vel. Ei som fekk liggja på ein sofa i stova, var vaken tidleg om morgonen og såg korleis Anna Hansen sjølv, stillsleg og varleg vaska golv og ordna til, før alle andre — heller ikkje jentene — var oppe. Ho veit å spare på andre, ikkje på seg sjølv. Alt går så roleg og verdig ja, beint fram finsleg for seg. Ho er og den som held ut lengst utan at andre skal merka at ho har det travelt.

— Men vert du ikkje trøyt av å ha så mange framande i huset? kan ein spørja. Då smiler ho og seier lunt:

— Eg vert aldri trøyt når alt går godt og folk trivst. Det som tar på, er om det skulle vera eitkvart som nokon mislikar, og som det kan vera vanskeleg å få retta på. Men arbeid blir eg ikkje trøyt av så snart. Arbeidsglede er noko av det beste ein kan ha i livet. Det er sant som far sa til oss heime: Ein vert sterk av å arbeida med kroppen.



Oberst Christoffer von Krogh som kom til Hogganvik i 1720-åra, kjøpte og kyrkjene i Vikedal prestegjeld og mellom andre den vidjetne Røldalskyrkja. Det seiest at »gamle Krogen« førde to hestekjøvar med sølv og andre kostesame ting heim til seg frå Røldalskyrkja (Teikning: Henry Imsland)

Den som kjenner Anna Hansen, veit vel at ho så høgt opp i åra ikkje driv pensjonatet for fortienesta si skuld. Ferielaga tar ho imot for å tena andre menneske, og ho unner dei så vel — husleg hygge og god mat og den vakre naturen i Hogganvik.

— Eg er så glad for at eg gjennom Saniteten blei kjend med fru Hansen, så me fekk lov å koma her inn med husmorferielaga våre, sa ei sanitetskvinne som steller med slike saker i N.K.S.

☆

— Det skal stor omtanke til å driva stort hushald og få folk til å kjenna seg som heime.

— Frå barndomsheimen var eg van med at folk stakk innom til oss. Dagstøtt var det ein og annan som hadde ærend og sat med oss til bords. Sidan kom eg til Jæren folkehøgskule, til Søren og Elen Øvretveit, først som elev og sidan med arbeid i huset. Då eg så hadde fått utdanning i Danmark på husholdningsskule i Sorø, kom eg attende til Jæren, var hushaldslærarinne på skulen og sto for matlaginga til 150 menneske kvar dag. Det var ei gild og rik tid. Eg tykte synd på alle unge som ikkje lik meg hadde høve til å koma på folkehøgskule. Der fekk me verdjar for livet. Men eg måtte gje opp yrket mitt etter berre eit år. Ein ung mann ville gjerne ha meg snart inn til Hogganvik. Der var det og nok å stå i. Tenarar, gards- og skogsarbeidarar skulle ha mat.

☆

I dei vanskelege åra etter første verdenskrigen såg me ikkje annan utveg enn å ta til med pensjonat. Det gjeld godt,

og me treivst med det. For gjester bygde me eit nytt hus med 12 dobbeltrom. På garden hadde me mjølkekyr og ungdyr, sauer og griser for slakt, høns og kalkuner, bær og frukthage — alltid noko å ta av til kjøkkenet. I så måte var det lettare å skaffa mat då enn no, då gardsbruket er pakta bort.

— Jo, men desse pokalane har hestane vunne sidan. Vondt var det å missa alle dei gamle fine tinga som svigerforeldra mine hadde samla. Der var målarstykke og handarbeid — mor hadde vove og eg hadde vove. Me fekk sidan mykje att, men ikkje slik som før. Men me jo vera glade for at alle kom seg vel ut av dei brennande husa. To hus strauk med.

— Og mannen min interesserte seg alltid for hestar. Tråvhestar var hans hobby. — Korleis fekk de berga Kongepokalen frå Bjerkebanen og dei andre store sylvpokalane som står i rad og rekkje i peisestova? Strauk ikkje alt av innbu og utstyr med under brannen juleatta 1940? — Jo, men desse pokalane har hestane vunne sidan. Vondt var det å missa alle dei gamle fine tinga som svigerforeldra mine hadde samla. Der var målarstykke og handarbeid — mor hadde vove og eg hadde vove. Me fekk sidan mykje att, men ikkje slik som før. Men me jo vera glade for at alle kom seg vel ut av dei brennande husa. To hus strauk med.

Det hende klokka tre juleatta. Me var 17 mann i alt. Gjestene var komne for å ha ei fredelig helg borte frå uroa som krigen skapte.


☆

Eit nytt gjestehus vart bygt på tennisbanen, men tapet av den plassen tregar eg på. Likeins tregar eg på at me ikkje med ein gong sette opp att heimehuset, men let tømmeret vårt liggja til etter krigen, då alt vart så mykje dyrare.

Hovudbygningen har same stilen som Søren de Fine von Kroghs frå meir enn 200 år sidan. Han flytte gardstunet eit godt stykke oppi bakken frå sjøen og bygde nytt hus av tømmer med »adel« så hard at det var mest uråd for oss å slå

ein spiker i veggen. Bøke-alleen ned til sjøen har generalen planta. Han sette og ned dei to store barlindene, som med klipte trekroner står som staselege vaktpostar ved spaservegen nedanfor hagestovetrappa. Dei minner og om kultur som har rådd grunnen her i lange tider.

Generalen hadde ein fetter som var amtmann og budde på Kongsgård i Stavanger. Då han sette i stand hovudhuset der, let han henta tømmer i Hogganvik. Kongsvegen i skogen der inne ber namn etter det. Magnus-slekta, som ved inngiftet i Krogh-familien overtok Hogganvik, nytta seinare trevyrke frå skogen til skipsvervane sine i seglskutetida. I 1860-åra hadde to brør der inne hundrevis av



## Juletre i New York

Også i New York er en av de viktigste juleforberedelsene innkjøp av juletre. Men det er langt fra så enkelt som her hjemme. Ingen juletreforhandler ved sine fulle fem ville drømme om å levere treet. Han har altfor travelt til det, og unge mennesker har annet å ta seg til enn å slepe hjem juletrær.

Av den grunn bestemmes treet størrelse verken av høyden under taket i dagligstuen eller av pengepungen. Her er det noe helt annet som teller: Hvor stor plass har vi bak i bilen? Jeg må nemlig hente juletreret hjem selv.

Av den grunn har vår datter Mary like siden hun var liten hatt en viktig rolle hver jul. Hun må nemlig bli sittende i bilen og vase vekk politiet. Når hun spørker litt med betjenten, forstår han godt

mann i arbeid med tømmerhogging og skipsbygging. Men i 70-åra kom krakket i seglskipsfarten, og arbeidet på vervane stilna etter kvart heilt av. Fallitten førte til at andre i og utanfor slekta overtok. Teigar vart fræseld og kulturskattar fjerna frå husa, og generalbustaden vart sommervilla for byfolk.

Så kom Anna og Hans B. Hansen til. Dei dreiv garden godt, og vyrdsla skogen vel. Skogane har vore på 6 000 mål — nå er det 3 000 mål att. I si tid var det 13 husmannsplasser. Dei vart fræseld, sume nedlagde og avfolka.

— Eg kan ikkje forstå meg på folk som meiner at det ikkje svarar seg å planta skog. Etter kvart som me hogg ut, planta me til att, 10-20 tusen planter om året, gran, fure og lerk. Skuleborna kom, og sjølv var me med. To gonger har me hogge skog som er planta i vår tid, fortel ho.


For gardsbruket er det no 70 mål dyrka mark som forpaktaren tar seg av. Skogen lid inga naud om husbonden er borte, og husmora har andre ting å stella med. Heradsskogmeister Nådland frå Karmøy har tilsyn med skogen og har folk i arbeid.

Det er rart å sjå korleis dei nye sprøytemidlene lettjar ryddinga. Dei tyner det som ikkje skal veksa, held skogbotnen rein for kratt og små lauvtre, og let dei verdfulle trea få rom, seier Anna Hansen, og gler seg over at skogen framleis står fin.

☆

Mellom sesongane når det ikkje er feriefolk på pensjonatet, finn ho tid til å gjera så mangt, som handarbeid og lesing — og til å reisa. No skal ferda gå til Det heilage landet, til Jerusalem og Betlehem. Der nede vil nok strofene frå »Barnets julesang« i Klokkargarden og frå dei mange gongene ho gjekk rundt juletreret i stovene i Hogganvik tona i sinnet med endå større innleving og takksmed:

»Stjernen vi over din krybbe ser,  
deiligste julegleder«.



Herskapshuset slik det no er — bygt opp att etter brannen juleatta 1940 — i same stilen som generalen gav den nye bustaden sin for meir enn 200 år sidan (Foto: J. M. J.)

at vi slett ikke har parkert bilen, og at far bare er borte og kjøper juletre, og er tilbake på et blunk. Så går han videre til neste bil, og hvis eiermannen ikke har vært tilstrekkelig forutseende til å la ungene bli tilbake i bilen, blir han notert for ulovlig parkering. Der hvor det selges juletrær er det nemlig ikke mulig å parkere lovlig i flere miles omkrets.

Der er én stor forskjell på juletrær i New York og hjemme i Europa. I New York fins det så godt som ikke annet enn kulørte elektriske julelys. Stearinlys er overhodet ikke til å få tak i, for det tillates ikke av brannvesenet. Men det kan nå også være det samme. For i de overopphetete amerikanske leilighetene tørrer trærne ut med det samme, og hvis bare et eneste lys velter, står treet straks i lys lue. Eller hvis treet velter under festen. Og det kan lett skje, for i Amerika selges ikke trærne med en solid fot. Det ville være altfor omstendelig og tidkrevende for selgeren. I stedet har vi som alle andre familier en juletreret av metall, som vi oppbevarer fra år til år sammen med julestasen, og den skal treet skrues ned i. Men når man er slik en klossmajor som jeg, uten teknisk innsikt, kan det godt hende at treet ikke er skrudd tilstrekkelig fast i foten og deiser overende midt under stasen. Og da er vi mer enn glade for at det ikke var pyntet med levende lys.

Hvor brannfarlige de amerikanske juletrærne er, kan enhver forvise seg om et par dager etter jul bare ved å gå litt omkring i gatene. Så snart julen er over sleper amerikanerne juletrærne sine ut på gaten, og etterlater dem ved siden av bosspannene, for å få dem kjørt bort sammen med bossen. Men det som kjøres bort er som regel ikke annet enn et forbrent skjelett av et juletre, for det morsomste ungdommen i gaten vet er å sette en fyrstikk bort i treet. Så høres en skarp visling, og det kjempemessige bålet flammer opp — nesten like til annen etasje. Det er ikke alltid helt ufarlig, en sent vil glemme og som en savner men det er et praktfullt syn de få minuttene det står på, og det er en del av den spesielle julestemningen i New York man sent vil glemme og som en savner andre steder i verden, når en først er blitt vant til det.

Gunnar Leistikov